

Informasjonsskriv til tilsette – 15. mai 2020



Volda
kommune

Kjære medarbeidar i Volda kommune,

Vinteren har ikkje heilt sleppt taket, og no berre to dagar før 17. mai, så lavar snøen ned utanfor kontoret. Våren står uansett for døra, og det vil verte betre tider både når det gjeld veret og elles. Det er også slik med kriser at den vil gå over. Det er likevel uforutsigbart, og situasjonen svingar. Denne veka starta med at det vart registrert smitte hos ein person. Dette skapte utfordringar både ved Volda sjukehus, legetenesta og i pleie- og omsorgstenesta. Nok ein gong ser vi kor bra det er å ha endringsdyktige tilsette som på kort tid omstiller seg til å handtere den nye situasjonen. Det er krevjande både for leiaren og den tilsette å stå i slike situasjonar. Ein må handtere krisetiltak parallelt med å yte ordinære tenester. Ut frå avgrensa ressursar må ein omprioritere i tenestene. Dette skjer med stor forståing utan støy og klage oppover i systemet. Dette vitnar om god kommunikasjon mellom tenesta og brukarane, og internt i tenesta.

Myndigheitene opnar gradvis opp att samfunnet med gode rettleiarar for smittevern. Den enkelte vert minna om å følgje dei grunnleggjande smittevernreglane. Volda kommune følgjer dei nasjonale tiltaka og opnar opp gradvis tenestene i samsvar med desse. I område av landet der dei tilsette er avhengig av å bruke offentleg transport, oppmodar Folkehelseinstituttet arbeidsgjevarane om framleis å leggje til rette for heimekontor. Dei tilsette i Volda kommune vert varsla om å kome attende til sine kontorarbeidsplassar, og at vi innafor rammene i rutiner for smitteverntiltak legg opp til normal driftssituasjon frå helga. Smitteverntiltaksrutinene vert drøfta i dialog med representantar frå tillitsvalte og vernetenesta. Tilsette i risikogruppe kan ha behov for å arbeide frå heime vidare framover, og må avtale dette nærare med sin leiar.

Alle må vere vere budde på å ta eit tak for å vaske kontaktflater mellom hovudreinholdet.

Myndigheitene har kome med nye reiseråd. Nordmenn vert rådd frå å reise utandslands i sommar. Dersom ein ikkje følgjer rådet, så er det viktig å vere merksam på at ein må i karantene etter heimkomst, og at det kan ha konsekvensar for mellom anna rett til sjukepengar.

Videomøte har kome for å bli. I koronasituasjonen vil vi uansett unngå reising, og i all hovudsak bruke video i kontakt med andre for å unngå å reise rundt i fylket eller ut av fylket.

Kriseleiinga har faste møte måndag og torsdag kvar veke. I møta vert det ein gjennomgang av situasjonen, kartlegging av endringar i nasjonale tiltak og vurdering av lokal handling.

På kommunen sine heimesider finn de informasjon til tilsette om Covid 19:

<https://www.volda.kommune.no/beredskap/for-tilsette/informasjon-til-tilsette-vedrorande-covid-19/>

Det er viktig at de følgjer med på denne sida og held dykk oppdatert.

Sjølv om samfunnet opnar gradvis opp att, minner eg på nytt om at vi vere budde på at dette vert eit annleis år. Vi må tole å stå i at framtida er litt usikker, og må vere budde på å setje inn forsterka tiltak dersom smitten skulle spreie seg som følgje av meir kontakt mellom folk.

Utviklinga i kommunen sin økonomi vert svært utforsigbar i denne situasjonen. Den 12. mai la regjeringa fram revidert nasjonalbudsjett og kommuneproposisjonen om det økonomiske opplegget for 2021. Eg skal ikkje gå i detaljar rundt dette inn mot ei helg der de som har fri bør kople av og feire 17. mai. Kommunalministeren varslar at kommunane må bu seg på innstramming som følgje av reduksjon i verdien på oljefondet, og at oljefondet dette året vert tappa i samband med koronatiltak både i det offentlege og til private. KS som er kommunen sin interesseorganisasjon har rekna dei økonomiske verknadene som vesentleg høgare enn det regjeringa legg til grunn. Truleg vil kommunane sitje att med ei rekning som ikkje vert betalt av staten. Vi må uansett ha nøktern haldning til kvar krone vi brukar. Eg registrerer at kreativiteten de viser i oppgåveløysinga er ekstra stor om dagen. Dette vil også kome til nytte når vi kjem attende til normalsituasjonen.

Nasjonaldagen er like om hjørnet. Sjølv om vi ikkje kan feire i flokk i år, så er det kanskje enda større grunn til å hegne om dei nasjonale fellesverdiane.

Eg ynskjer deg ei god helg og ein strålande 17. mai (med eller utan sol/snø) ☺.

Beste helsing
Rune Sjurgard
Kommunedirektør